

Referat frå møte i Arbeidsutvalet 5. november 2010, kl. 14.00-19.20.

Stad: Brennabu, Vestre Slidre i Valdres

Til stades:

Svein Borkhus, Hedmark fylkeskommune
Arne Vinje, Vinje kommune
Magne Pedersen, Buskerud fylkeskommune
Eivind Brenna, Opplandsregionar/kommuner
Olaug Grønseth Granli, Buskerudregionar/kommuner
Olov Grøtting, Hedmarksregionar/kommuner
Kjetil Lundemoen, Oppland fylkeskommune
Lars Bjaadal, Telemark fylkeskommune

Forfall:

Jenny Følling, Sogn og Fjordane fylkeskommune

Til stades frå administrativ arbeidsgruppe:

Kay H Bjerke, Buskerud fylkeskommune
Thrond Kjelle vold, Telemark fylkeskommune
Anne Marie Sveipe, Oppland fylkeskommune
Torunn H. Kornstad, hovedsekretariatet (HFK)

Forfall administrativ arbeidsgruppe:

Svein Arne Skuggen Hoff, Sogn og Fjordane fylkeskommune
Ann Marit Holumsnes, hovedsekretariatet (Hedmark FK)

Referent:

Torunn H. Kornstad

Saksliste

- | | |
|---------|---|
| 19/2010 | Godkjenning av referat frå AU-møtet 13.08.10 |
| 20/2010 | Oppsummering av European Mountain Convention |
| 21/2010 | Reviderte retningsliner for FRS – fyrste utkast |
| 22/2010 | Handlings- og økonomiplan, forslag til framdriftsplan |
| 23/2010 | Uttale til TINE i samband med handsaminga av strukturplanen for brunostproduksjon |

- 24/2010 Fjellregionsamarbeidet som formell arrangør av ein Fjellmatkonferanse i Hallingdal i februar
- 25/2010 Rådsmøte og årskonferanse i 2011 - stad, dato og tema
- 26/2010 Søknad frå Euromontana til KRD om støtte til prosjekt i samband med revideringa av EU sine retningslinjer for regionalstøtte. KRD ber om FRS sitt syn på prosjektet, og ev. deltaking
- 27/2010 Datoar for dei neste AU-møta
- 28/2010 Rapporten "Fjellområder og fjellkommuner i Sør-Norge. Definisjon, avgrensning og karakterisering" blir presentert av Østlandsforskning v/Tor Arnesen og ev. Terje Skjeggedal. Diskusjon om rapporten og korleis vi skal bruke han vidare
- 29/2010 Eventuelsak: Spørsmål frå Magne Pedersen om fjellandbruket i det vidaregåande skulesystemet, sak til seinare AU-møte

19/2010 Godkjenning av referat frå AU-møtet 13.08.10

Det vart vist til referatet som var lagt ved frå møtet på Thon Hotell Opera 13.08.10

Arbeidsutvalet gjorde følgjande samrøystes vedtak:

"Arbeidsutvalet godkjenner referatet frå møtet 13.08.10."

20/2010 Oppsummering av European Mountain Convention

Sekretæren la fram ein muntleg rapport om European Mountain Convention, med følgjande hovedpunkt:

Arbeid på førehand

Gjennomføring

Oppnådde effektar

Oppfølging?

Arbeidsutvalet hadde synspunkt rundt at vertslandet i større grad bør få prege også det faglege opplegget rundt slike konferansar. Dei meinte at sjølv om ikkje det vart så mykje mediaomtale som ein kunne ønskt, så vart konferansen lagt merke til, og dette må utnyttast i arbeidet vidare, både mot sentrale myndigheiter og andre organisasjonar. Vi må vera særleg offensive i høve til KRD, m.a. i takkebrevet vi sender til dei.

Arbeidsutvalet gjorde følgjande samrøystes vedtak:

”Arbeidsutvalet tar den foreløpige rapporten om European Mountain Convention 2010 til etterretning.

Sekretariatet utarbeider ein skriftleg rapport der synspunkt og innspel frå Arbeidsutvalet blir tatt med. I rapporten blir det lagt vekt på dei oppnådde effektane, særleg dei politiske, og korleis Fjellregionsamarbeidet kan utnytte desse i det seinare arbeidet. Rapporten og rekneskapen blir lagt fram på fyrstkommande møte i AU.”

21/2010 Reviderte retningsliner for FRS – fyrste utkast

Arbeidsutvalet ba om at det ikkje vart nokon diskusjon i møtet, men at kvart fylke samla sender inn innspel og kommentarar til utkastet som var lagt fram til reviderte retningsliner. Det var også semje om at det ikkje var naudsynt med ei administrativ høyring hos medlemne, men at ein heller samlar dei administrative kontaktpersonane til eit møte etter at AU har kommi fram til eit forslag.

Ut frå dette vart tidsplanen endra slik:

25. november	Frist for tilbakemelding frå AU saman med administrative kontaktpersonar. Dersom det er mogleg blir det gitt samla tilbakemeldingar frå fylka
10. desember	Arbeidsutvalet handsamar forslaget til nye retningsliner/vedtekter
Januar	Møte for (utvida) administrativ arbeidsgruppe
Februar	Handsaming i AU-møte med grunnlag i høyringsuttalene
Veke 6 (ca.)	Utsending av endeleg versjon til politisk handsaming hos medlemne
April	Endeleg handsaming på Rådsmøtet

Arbeidsutvalet gjorde følgjande samrøystes vedtak:

”Sekretariatet arbeider vidare med dei nye retningslinene for Fjellregionsamarbeidet. Til AU-møtet 10. desember blir det lagt fram eit endeleg forslag, bygd på innspela og synspunkta som har kommi inn innan fristen 25. november. Forslaget skal vera kvalitetssikra av ein jurist. Arbeidsutvalet sluttar seg til den justerte tidsplanen for handsaminga.”

22/2010 Handlings- og økonomiplan, forslag til framdriftsplan

Det var lagt fram følgjande forslag til framdriftsplan for arbeidet:

5. november	Arbeidsutvalet kjem med forslag til kva FRS skal arbeide med framover
10. desember	Utkast til handlingsplan for 2011-2014 blir lagt fram for AU

Februar*	Arbeidsutvalet handsamar eit endeleg HP-forslag
Møte mars	AU handsamar forslag til økonomiplan bygd på handlingsplanen
April	Endeleg handsaming på Rådsmøtet

* Dato er tatt vekk, da denne ikkje vart endeleg bestemt.

Arbeidsutvalet kom med innspel til kva Fjellregionsamarbeidet bør arbeide med vidare og dermed ta inn i handlingsplanen. Forslaga som kom omfatta:

- oppfølging av rapporten om avgrensing av fjellområda, med særleg vekt på kjenneteikna: Infrastruktur og kommunikasjon
- næringsutvikling/innovasjon, med særleg fokus på reiselivet. Også i perspektivet bruk/vern og bærekraftig forvaltning av verneområda
- problemstillingar rundt folk som bur i lengre periodar på hyttene, tenestetilbod og finansiering
- lokal matproduksjon
- PADIMA, (Prosjektet Poplicies Aigainst Depopulation in Mountain Areas.Euromontana/Buskerud/Hedmark). Fokus på kompetanse og utdanning
- Vatn, krav om forvaltningsplanar innan 2015
- Formidling av verda sett frå fjellområda
- Kvifor flytter folk frå fjellområda?

Om arbeidsmåtar:

- må kunna henge seg på dei aktuelle sakene, ikkje alltid finna på noko nytt
- unngå dobbeltarbeid, også arbeide med tema ikkje andre har
- arbeid inn mot departementa, meir kontakt
- bruke prosjektorganisering for å gjennomføre arbeidsoppgåver
- fordele meir på ansvar og arbeidsoppgåver

Arbeidsutvalet gjorde følgjande samrøystes vedtak:

”Sekretariatet legg i AU-møte 10. desember fram eit utkast til handlingsplan for Fjellregionsamarbeidet for perioden 2011-2014, bygd på synspunkta frå AU sin diskusjon. Arbeidet vidare følgjer den framlagte framdriftsplanen.”

23/2010 Uttale til TINE i samband med handsaminga av strukturplanen for brunostproduksjon

Det foregår ein prosess i Tine der den framtidige lokaliseringa av brunostproduksjonen blir vurdert. Lom og Skjåk Meieri i Nord-Gudbrandsdalen er nok ein gong i faresonen for å bli lagt ned, og det er eit stort engasjement for å unngå dette. Arbeidsutvalet diskuterte om Fjellregionsamarbeidet skal avgje uttale i denne saka, og kom fram til at dette er riktig av omsyn til prinsippet om å behalde produksjonen av stadbundne merkevarer i fjellregionane.

Det vart også vist til charteret om høgkvalitets matvarer frå fjellregionane, som også er underskrivi på politisk nivå i Noreg.

Tilføyning frå sekretær: Det kom fram forslag om å ta med henvising til matcharteret i uttalen. Da vi ikkje har kunnskap nok til å vita om produksjonen av G35 oppfyller krava i charteret, er ikkje dette tatt med.

Arbeidsutvalet gjorde følgjande samrøystes vedtak:

”Fjellregionsamarbeidet sender følgjande uttale til styret for TINE, KRØ og LMD i samband med handsaminga av strukturplanen for brunostproduksjon i TINE:

Fjellregionsamarbeidet er ei samanslutning av fylkeskommunar, regionar og kommunar i Sør-Noreg, der fjellområda er ein viktig del av ressursgrunnlaget.

Arbeidsutvalet i Fjellregionsamarbeidet vil med dette gje si fulle støtte til at det framleis skal bli produsert Gudbrandsdalsost (G35) ved Lom og Skjåk meieri i Gudbrandsdalen.

For Fjellregionsamarbeidet er det viktig at ei merkevare som har ei klar og tydeleg forankring ein bestemt geografisk stad, framleis skal bli produsert denne staden. Gudbrandsdalsosten har ei sterk historie knytt til seg, med Anne Hov på Solbråsetra som ”oppfinnar” av osten, i tillegg til at namnet er ei merkevare. Det er også høg kvalitet på Gudbrandsdalsosten som blir produsert ved Lom og Skjåk Meieri. Fjellregionsamarbeidet meiner difor at det er svært viktig at denne produksjonen blir oppretthaldi som ei lokal merkevare.

For Fjellregionsamarbeidet er det viktig at fjellområda, der landbruket tyder mykje som næring, må ha anlegg for foredling av landbruksråvarene. Det er også viktig at det blir oppretthaldi mottak for geitemjølke i fjellområda.”

24/2010

Fjellregionsamarbeidet som formell arrangør av ein Fjellmatkonferanse i Hallingdal i februar

Fjellregionsamarbeidet var førespurd av Regionrådet i Hallingdal om å stå som arrangør av ein konferanse med tema Norsk Fjellmat 7.-8. februar. Konferansen er beskrivi slik:

”...Fjellmatkonferansen skal:

- bidra til å skape ei felles plattform for norsk fjellmat.
- utveksle erfaringar og suksesshistorier nasjonalt og internasjonalt.
- peike på nasjonale utfordringar knytta til fjellmat.
- legge eit grunnlag for ein handlingsplan som skal styrke Noreg som fjellmatnasjon.

Arbeidsutvalet gjorde følgjande samrøystes vedtak:

”Fjellregionsamarbeidet seier seg svært glad for inivitativet frå Norsk Fjellmatsenter om ein Fjellmatkonferanse på Geilo 7.-8. februar, og takkar med dette ja til å vera med og arrangere

konferansen. Norsk Fjellmatsenter er teknisk arrangør, og tar alt arbeid knytta til påmelding og gjennomføring.

Fjellregionsamarbeidet ønskjer å vera representert i prosjektgruppa med sekretær Torunn H. Kornstad.

Fjellregionsamarbeidet har ikkje moglegheit til å ta på seg noko økonomisk ansvar i samband med gjennomføringa av konferansen.”

25/2010 Rådsmøte og årskonferanse i 2011 - stad, dato og tema

Det var lagt fram forslag om å arrangere Rådsmøtet og Årskonferansen for 2011 i veke 14 i Nord-Gudbrandsdalen. Det kom fram at USS også skal ha landsmøtet sitt denne veka, så tidspunktet må difor endrast.

Saka vart foreslått utsett, og det vart bedt om at sekretariatet i samarbeid med Oppland utarbeider eit forslag til stad og tid til neste AU-møte.

Arbeidsutvalet gjorde følgjande samrøystes vedtak:

”Sekretariatet i samarbeid med Oppland utarbeider eit forslag til Rådsmøte og årskonferanse 2011, og legg dette fram på neste møte i Arbeidsutvalet.”

26/2010 Søknad frå Euromontana til KRD om støtte til prosjekt i samband med revideringa av EU sine retningsliner for regionalstøtte. KRD ber om FRS sitt syn på prosjektet, og ev. deltaking

Euromontana har henvendt seg til KRD med spørsmål om dei kan delfinansiere eit arbeid knytta til revisjon av EU sine retningsliner for regionalstøtte. Dette heng saman med paragraf 174 i Lisboaatraktaten og det nye regelverket som vil komma i 2013. For Noreg sin del er særleg spørsmålet om mogleg investeringsstøtte i distrikta og differensiert arbeidsgjevaravgift viktige. KRD er søkt om 20.000 Euro, dvs. ca. kr 160.000. Det er frå departementet bedt om at beløpet kan delast mellom KRD og Fjellregionsamarbeidet, ev. dei fylka som er medlemar i Euromontana. Den politiske støtten frå Fjellregionsamarbeidet er også viktig for handsaminga av saka.

Arbeidsutvalet gjorde følgjande samrøystes vedtak:

”Arbeidsutvalet i Fjellregionsamarbeidet løyver kr 50.000 til Euromontana sitt arbeid med artikkel 174 i Lisboaatraktaten, og arbeidet med dette knytt opp mot det norske regelverket for investeringsstøtte i distrikta og differensiert arbeidsgjevaravgift.

Løyvinga er avhengig av at Kommunal- og regionaldepartementet løyver resten av beløpet som Euromontana har søkt om, til saman 20.000 Euro (ca. kr 160.000).

Fjellregionsamarbeidet vil også ta ny kontakt for å arbeide for ein kontingentaue i Euromontana. Dette for å unngå at ordinær drift i Euromontana må prosjektfinansierast.”

27/2010 Datoar for dei neste AU-møta

Det var foreslått møtedatoar i desember, februar og mars, men det vart ikkje tatt nokon avgjerder for desse. Møtet i desember vart foreslått flytta frå 10. til 15. desember, da den 10. passa for nokre av AU-medlemane, men endeleg konklusjon* vart ikkje gjort i møtet.

* Ut frå tilbakemeldingar frå AU-medlemane er det etterpå bestemt at det blir møte 10. desember slik som fyrst planlagt.

Arbeidsutvalet gjorde ikkje noko vedtak i saka.

28/2010 Rapporten "Fjellområder og fjellkommuner i Sør-Norge. Definisjon, avgrensning og karakterisering" blir presentert av Østlandsforskning v/Tor Arnesen og ev. Terje Skjeggedal. Diskusjon om rapporten og korleis vi skal bruke han vidare

Tor Arnesen frå Østlandsforskning la fram rapporten. Han forklarte kva for definisjonar som var lagde til grunn for å definere fjellkommunane og dei tilliggande fjellkommunane, og etterpå kva som kjenneteiknar desse kommunane.

I spørsmåla til Arnesen kom det fram at det ligg inne nokre feil i rapporten, og han vart bedt om å rette opp dette. Det gjeld t.d. manglande flyplassar, høgskular som delvis mangla, delvis ikkje var tatt med og at distriktsmedisinske senter var rekna som sjukehus.

Arnesen peika på at det ikkje er mykje som skil fjellkommunane frå andre distriktskommunar, men at dei har større utfordringar knytta til infrastruktur og avstandar.

Det vart ikkje gjort noko formelt vedtak i saka, anna enn at Fjellregionsamarbeidet må følge opp denne rapporten vidare (jfr. sak om Handlingsplanen).

29/2010 Eventuelsak: Vidaregåande skular og fjellandbruk

Magne Pedersen (Buskerud) tok opp spørsmålet rundt utdanningstilbodet i vidaregåande skular knytta til fjellandbruket. I Buskerud er den tidlegare landbruksskulen Lien nå redda (nå ein del av Ål v.g. skule). I Hedmark blir det arbeidd med eit kompetansesenter for fjellandbruket knytta til Storsteigen v.g. skole, og det er også arbeid på gang i Oppland. Saka blir tatt opp neste gong, og kvart fylke/region førebur eit kort notat om dette.

Ansvarlege:

Buskerud: Magne/Kay/Hallingdal

Oppland: Anne Marie/Kjetil

Hedmark: Torunn/Olov/Rune J.